



## **Saksprotokoll**

**Organ:** **Fylkesutvalet**

**Møtedato:** 07.03.2018

**Sak nr.:** 17/8635-5  
**Internt I.nr.** 11426/18

**Sak:** 24/18

**Tittel:** **To marine verneområde - Stad og Dalsfjorden**

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkeskommunen tek varsel om oppstart av verneplanprosessane til vitande. Det vert vist til saksutgreiinga når det gjeld innspel til oppstart av verneplanarbeidet. Fylkeskommunen vil kome attende med nærmere innspel knytt til våre ansvarsområde når utkast til verneplan kjem på høyring.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt tilleggsframlegg til fylkesrådmannen si tilråding:

Fylkesutvalet er uroa over konsekvensane vern kan ha for utbygging av viktig infrastruktur og for næringslivet i desse områda. Dersom ein vel å gå vidare med desse planane så må det gjerast ei grundig konsekvensutgreiing og det må takast omsyn til dei utviklingsplanane som kommunane har i desse områda no og i framtida.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med tillegg frå Senterpartiet, vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Fylkeskommunen tek varsel om oppstart av verneplanprosessane til vitande. Det vert vist til saksutgreiinga når det gjeld innspel til oppstart av verneplanarbeidet. Fylkeskommunen vil kome attende med nærmere innspel knytt til våre ansvarsområde når utkast til verneplan kjem på høyring.

Fylkesutvalet er uroa over konsekvensane vern kan ha for utbygging av viktig infrastruktur og for næringslivet i desse områda. Dersom ein vel å gå vidare med desse planane, så må det gjerast ei grundig konsekvensutgreiing og det må takast omsyn til dei utviklingsplanane som kommunane har i desse områda no og i framtida.